



NORGES VASSDRAGS- OG ENERGIDIREKTORAT
(NVE)
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Saksbehandlar, innvalstelefon
Eyvin Søltnæs, 5764 3135

Fråsegn til melding med forslag til konsekvensutgreiingsprogram for Re Energi kraftverk i Gloppen kommune

Statsforvaltaren legg til grunn at konsekvensutgreiinga for Re Energi kraftverk blir gjennomført i tråd med rettleiar M-1941. Vi har nokre få merknader til det føreslegne utgreiingsprogrammet.

Vi viser til høyringa av meldinga med forslag til konsekvensutgreiingsprogram for Re Energi kraftverk.

Bakgrunn

Re Energi kraftverk vil utnytte ca. 3,3 kilometer av fallet i Storelva, fram til avløp 1,1 kilometer oppstraums innosen i Breimsvatnet. Det er planlagt inntak på kote 125,5, vassveg i sjakt/tunnel, og kraftstasjon på kote 70, enten i fjell eller i dagen. Det er vurdert eit alternativ med inntak på kote 112, og som kan bli aktuelt om grunnfjellundersøkingar viser at det ikkje kan byggjast sjakt/tunnel som planlagt på kote 125,5.

Maksimal slukeevne for vasskraftverket på 60 m³/s vil utgjere 218 prosent av middelvassføringa på 27,5 m³/s. Det er foreslått minstevassføring på 6,0 m³/s i sommarperioden og 1,0 m³/s i vinterperioden, og i tillegg miljøbasert slepp av noko meir vatn i enkelte viktige periodar.

Installert effekt 28,5 MW, og årleg middelproduksjon er estimert til 90 GWh. Kraftstasjonen er planlagt kopla til eksisterande nett ved hjelp av ein 22 kV jordkabel til Reed sekundærstasjon, som ligg ca. 200 m nord for Breimshallen.

Konsekvensprogrammet er ein kombinasjon av konsekvensutgreiinga for det tidlegare konsesjonssøkte Breim kraftverk, som blei avslått, og nye undersøkingar.

Våre merknader

Konsekvensutgreiinga skal gi eit heilskapleg bilete at konsekvensar av ei eventuell utbygging. Kunnskapsgrunnlaget i saka skal vurderast etter § 8 i naturmangfaldlov. Vi legg til grunn at feltundersøkingar blir gjennomført etter godkjent metodikk, og at konsekvensvurderingar blir utført i tråd med krava i rettleiar M-1941.



Storaure blei særleg vektlagt i avslaget på konsesjonssøknaden for Breim kraftverk. Betre kunnskapsgrunnlag om storaure i Storelva, vurdering av konsekvensar, og forslag om avbøtande tiltak for storaure, står difor sentralt i konsekvensutgreiinga av ei ny og justert utbygging i vassdraget.

Det er planlagt nye undersøkingar av botndyrfaunaen, vassdekt areal ved foreslått minstevassføringsreglement, ungfiskkartlegging og gytefiskteljinar. Vi forventar at tema som oppstraums-/nedstraums vandring forbi kraftverksinstallasjonar og på utbygt elvestrekning, og endringar i fiskehabitat som følgje av redusert vassføring og endra massetransport som kan påverke fiskeproduksjonen, òg vil bli vurdert.

Terrestrisk naturmangfald skal vurderast ut frå konsekvensrapporten frå 2011, supplert av nye feltundersøkingar av mosar, lav og sopp i 2022. Den gongen blei feltarbeid gjort i fleire periodar, som inkluderte kartlegging av fugl hekkesesongen og botaniske undersøkingar i vekstsesong for karplanteflora. Ut frå at det har skjedd mykje på raudlista sidan 2011, og det har kome nye metodikkkrav, bør det nye kartleggingsprogrammet òg omfatte supplerande feltundersøkingar av fugl og karplanter.

Det er omtalt i meldinga at planlagt veg til inntaket ved Fløtre vil leggjast utanom den registrerte eskeren (sediment avsett i ein smeltevasselv under breen). Vi legg til grunn at eventuelle konsekvensar og avbøtande tiltak blir vurdert i konsekvensutgreiinga.

Vi legg til grunn at bruken av stein- og jordmassar blir planlagt i tråd med regelverket slik det går fram av Miljødirektoratets rettleiar M- 1243.

Med helsing

Tore Larsen
seniorrådgjevar

Eyvin Søltnæs
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:

Gloppen kommune

Vestland fylkeskommune

Miljødirektoratet

Grandavegen 9

Postboks 7900

Postboks 5672 Torgarden

6823

5020

7485

SANDANE

BERGEN

TRONDHEIM